

Helse Fonna
Postboks 2170

5504 HAUGESUND

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 2018000408-2 Saksh: Arkivkode Dato:
Journalpostid: 2018007633 Telefon: 53 65 40 63 G00, &13 15.05.2018

Uttale til Utviklingsplan Helse Fonna HF

Odda kommune er positive til at det no er utarbeidd ein utviklingsplan for Helse Fonna HF.

Som vertskommune for Odda sjukehus, som er eitt av fire sjukehus i Helse Fonna HF, ser vi oss nøydde til å påpeike nokre moment som er viktige for kommunen med tanke på å sikre og viderutvikle Odda sjukehus.

Vi viser til punkt 3:

“Overordna strategiar og føringar Nasjonale og regionale føringar, den gjeldande strategien og utviklingsplanen for Helse Fonna, prosjektarbeid knytt til Nasjonal helse- og sjukehusplan ved Stord og Odda sjukehus og den planlagde utbygginga av Haugesund sjukehus er lagt til grunn for utviklingsplanen. I tilleggskokument til oppdragsdokumentet for 2017 frå Helse- og omsorgsdepartementet til Helse Vest blei det slått fast at den samla beredskapen for befolkninga tilhøyrande Odda sjukehus skal vere på same nivå og gi tilsvarande tryggleik som i dag. Desse føringane ligg fast i planperioden som strekk seg fire år fram i tid til ny Nasjonal helse- og sjukehusplan er vedtatt.”

Det er eit krav frå Odda kommune at det vert arbeidd aktivt inn mot ein eigen utviklingsplan for Odda sjukehus, nettopp for å sikre at den samla beredskapen for befolkninga tilhøyrande Odda sjukehus skal vere på same nivå og gi tilsvarande tryggleik som i dag. Desse føringar må og videreførast inn i neste Nasjonal helse- og sjukehusplan.

Viser til punkt 5.2

“Sjukehusstruktur og overordna oppgåvedeling Det er ikkje planlagt endring i sjukehusstrukturen i Helse Fonna i planperioden. Dei tre somatiske sjukehusa i Haugesund, på Stord og i Odda skal halde fram som akuttsjukehus. Den samla beredskapen i Odda skal vere på same nivå og gi tilsvarande tryggleik som i dag. Tilbodet ved sjukehusa skal vere framtidssretta og vidareutviklast i samsvar med overordna føringar. “

Odda kommune krev at det vert arbeidd aktivt med ein oppretthaldelse av akuttilbodet ved Odda sjukehus, samstundes som det må arbeidast med ein framtidssretta vidareutvikling av tilboda ved sjukehuset. Sjukehuset er lite i nasjonal samanheng. Difor er det sårbart for nedtak på drift. Ein må bygga opp sjukehuset til å få fleire funksjonar for Helseføretaket.

Et levende kraftsenter

Odda kommunestyre	Org.nr:	964 967 814	Telefon:	53 65 40 00
Telefaks: 53 65 40 51	Bankgiro:	3201.50.24584	Telefaks:	53 65 40 51
Opheimsgata 31	Innbetaling skatt:	6345.06.12288	Epost:	epost@odda.kommune.no
5750 ODDA				

Kommunane i opptaksområdet ønsker å vidareutvikla eitt tett og godt samarbeid med sjukehuset/føretaket. Og vil stilla opp i samarbeidsprosjekt.

Viser til punkt 6.10

“Bygg: Dagens sjukehusstruktur ligg til grunn for planlagt aktivitet i Helse Fonna. Det inneber at drift ved alle lokasjonar skal vidareførast utan vesentlege endringar i tenestetilbodet. Det vil likevel bli gjennomført ein del omstilling og effektivisering av verksemd som vil få konsekvensar for arealbehovet. Det er ei målsetting å ha rett arealkapasitet i forhold til planlagt drift og at areal og bygg er i eigna og god stand. Føretaket har utarbeida ein plan for bygningsmassen i eit 2020 perspektiv 12. Planen er vedtatt av Helse Fonna sitt styre, og gir føringar for arealutvikling, rehabilitering av bygg og etablering av nybygg.

Odda kommune krev at Odda sjukehus må få ei satsing som bygger opp under medisinsk og kirurgisk aktivitet ved sjukehuset. Sjukehuset har dyktige fagfolk som må få fleire oppgåver for føretaket. Samt at informasjonen om tilboda ved Odda sjukehus må koma godt ut til befolkninga.

Stadleg leiing

Helse og sjukehusplanen har lagt opp til at det skal vera stadleg leiing ved Odda sjukehus. Det er naudsynt at Odda sjukehus har same status som dei andre sjukehusa i føretaket. Og at lokal leiing ved sjukehuset er ein del av leiargruppa/rapporterer direkte til direktør/Helse Fonna.

Lokal leiing er avgjerande for å få ei god utvikling.

Skal ein sikre at den samla beredskapen for befolkninga tilhøyrande Odda sjukehus skal vere på same nivå og gi tilsvarande tryggleik som i dag, må ein heller bygge opp kapasitet ved Odda sjukehus enn å redusere.

Venleg helsing

For Odda kommunestyre

Ordførar Roald Aga Haug

Innstillinga vart samr. vedteken

Kollbotn sitt tilleggsforslag til uttalen vart samr. vedteke

Vedtaket er

1. Kommunestyret i Odda sluttar seg til innhaldet i vedlegg 2 Uttale til Utviklingsplan Helse Fonna HF som sin uttale

Tillegg til uttale :

Odda kommunestyre vil på denne bakgrunn uttrykke bekymring for at styret i Helse Fonna har vedtatt budsjettkutt ved Odda sjukehus. Samanslåing av sengepostar og færre senger svekker overordna strategiar g mål i forslag til Utviklingsplan og føringane gitt i Stortinget 15. mai 2018